

Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/9444-13

Ny kontrakt Daløy - Haldorsneset 2020 - 2023 (2028)

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

- 1 Fylkesvegferjesambandet Daløy – Haldorsneset vert lyst ut på anbod for perioden 01.01.2020 – 31.12.2023 med opsjon på inntil 60 månader
- 2 Dagens rutetilbod med ekstraturar ved attståande bilar skal vidareførast
- 3 Krav om lågutslepp og universell utforming i førre konkurranse skal vidareførast
- 4 På grunn av faktisk auke i tal bilar på 15 – 20 % vert krav til bilkapasitet auka frå 11 til 14 PBE
- 5 Eventuell auke i kostnader må dekkast innanfor sektorramma til samferdsle

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I desember 2016 vart det inngått kontrakt med Sundquist Investment Oy Ab om drift av fylkesvegferjesambandet Daløy – Haldorsneset for perioden 01.01.2019 – 31.12.2023 (+ opsjon). I desember 2018 vart kontrakten med Sundquist heva og dagens kontrakt med Fjord1 vart forlenga med 1 år til 31.12.2019.

Som konsekvens av dette er det nødvendig å gjennomføre ein ny konkurranse på drift av fylkesvegferjesambandet Daløy – Haldorsneset, gjeldande frå 01.01.2020

Historikk - tidlegare vedtak

Sidan dette er eit samband det er ønskje om vert erstatta med bru, vart det i førre runde gjort vurderingar med omsyn til mellom anna kontraktslengde, miljø, universell utforming, kapasitet og rutetilbod.

I korte trekk gjekk ein i førre runde for ei kortsiktig kontrakt med krav om lågutslepp. I tillegg vart det ei vidareføring av eksisterande rutetilbod med krav om kapasitet om lag som den gamle ferja. Det vart gjort ei tilpassing på universell utforming slik at det skulle vere tilgang til toalett/venteareal for alle.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er svært kort tid til oppstart av ny kontrakt 01.01.2020 og Statens Vegvesen (SVV) som gjennomfører innkjøpet på vegne av fylkeskommunen treng føringar for innkjøpet.

På spørsmål frå fylkeskommunen har SVV svart at bru tidlegast kan vere på plass i 2024 og det er difor framleis fornuftig at den faste kontraktsperioden varer til 31.12.2023 med høve til å forlengje kontrakten inntil 60 månader. Med ei slik ordning vil dette truleg vere den siste ferjekontrakten på dette sambandet.

Med bakgrunn i at sambandet skal leggjast ned, kort kontraktslengde, kort overfartstid, lavt energiforbruk, tilgjengelig ferjemateriell (marknadssituasjonen) og eit ønskje om å halde kostnaden nede, tilrår SVV at det vert opna for lågutslepp i denne konkurransen slik det og vart gjort i 2016. Med same argumentasjon tilrår SVV tilpassingar på universell utforming, men likevel slik at det skal vere tilgang til toalett og opphaldsareal for rullestolbrukarar og andre.

Rutetilbodet er dei siste åra blitt justert/tilpassa i dialog med kommunen og det er difor naturleg å gå for ei vidareføring av dagens rutetilbod. Det vil i kontrakten bli opning for justering av rutetider og auke/reduksjon i rutetilbodet. Ordninga med ekstraturar ved attstående køyretøy vert og vidareført.

I 2014 og 2015 vart det transportert om lag 19 000 køyretøy på dette sambandet. For 2017 og 2018 syner statistikken at det vart transportert om lag 23 000 køyretøy. Med ein slik auke og forventa auke i køyretøy i samband med bygging av bru meiner Statens Vegvesen at det er nødvendig å auke kapasitetskravet frå dagens 11 personbileiningar (PBE) til 14 PBE.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Det er ein realitet at vi må gjennomføre eit kjøp der det er svært kort tid frå tildeling av kontrakt til oppstart. I tillegg er det nødvendig med ei kort kontraktsperiode for at ferjekontrakten ikkje skal vere til hinder for bygging av bru. Desse momenta i seg sjølv er krevjande og reduserer konkurransen mellom anna fordi det er avgrensa tal ferjer tilgjengelig i marknaden på kort varsel.

Med vurderingane ovanfor reduserer vi krava slik at det ikkje er nødvendig med bygging av nye fartøy til ei kort kontrakt. Krava er likevel så strenge på både miljø og universell utforming at det truleg vil krevje ombygging/tilpassing på fartøy.

Kort tid frå tildeling til oppstart, samt kort kontraktsperiode, vil truleg medføre høgare kostnader. Avhengig av marknadssituasjonen kan krav til auka storleik på ferje også gje auka kostnader.

3. Konklusjon

Sidan kontrakten med Sundquist vart terminert kort tid før oppstart 01.01.2019 må Sogn og Fjordane fylkeskommune ha på plass ny kontrakt for drift av ferjesambandet Daløy – Haldorsneset frå 1. januar 2020.

Krava som vart stilt i førre anbudsrunde var tilpassa ei kort kontraktsperiode med mellom anna reduserte krav til miljø (lågutslepp) og universell utforming. Fylkesdirektøren meiner det vil vere riktig å vidareføre krava frå førre runde med unntak av bilkapasitet som må aukast sidan talet på transporterte bilar har auka med 15 – 20 %.

Kort tid frå tildeling til oppstart og auka krav til kapasitet vil ganske sikkert føre til auka kostnader. Fylkesdirektøren ser ikkje andre løysingar enn å gjennomføre ein konkurranse der krava er best mogeleg tilpassa behov, kontraktsperiode og konkurransesituasjonen.